

MØTEPROTOKOLL

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommuneunet
Møtedato: 25.09.2017 **Tid:** kl.14:00 - 17:17

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista og sakspapir vart gjort tilgjengeleg elektronisk 15.09, 18.09 og 22.09.2017.
Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti		
Eirin Bergheim			
Agnete Digranes Årvik	Ap		
Åse Margrethe Hegre Riise			
Arne Holmefjord			
Svein Lang	Sp		
Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Gudleik Østerbø		Ingen vararepresentant kunne møta	
Wenche Holmefjord		Toralv Huse	

Møtenotat:

Frammøte:

Svein Lang, H, gjekk frå møtet kl 1545. Permisjonen var ikkje varsla og det møtte difor ikkje vararepresentant i sak 58/2017, 59/2017 og 60/2017.

Andre som var tilstades:

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen
Kulturleiar Erik Vangsnes i sak 60/2017

Anna:

Kollektivtilbodet i Fusa

Senior- og funksjonsrådet har tidlegare bedt om at sak vert lagt fram til uttale tidleg nok for både dette rådet og ungdomsrådet slik at det er grunnlag for uttale frå kommunen.

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Leiar Eirin Bergheim leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen 26.09.2017

Eirin Bergheim
Leiar

Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
051/2017	Godkjenning av møteprotokoll
052/2017	Tertialrapport pr. 1.9.2017
053/2017	Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 - Fusa kommune
054/2017	GBNR 24/2 - Lambanesheiane - Detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde
055/2017	Planlegging av felles møte med Os eldreråd
056/2017	Skriv, meldingar og open post - 25.09.2017
057/2017	Elderedagen 2017 - handsaming i møtet 25.09.2017
058/2017	Prosjektrapportering formannskapet 2017
059/2017	<Rehabilitering / nybygg Fusa Ungdomsskule>
060/2017	Orientering om bygging av ny fleirbrukshall

051/2017: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møtet 22.08.2017 vert godkjent.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RAAD- 051/2017 Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 22.08.2017 vert godkjent.

052/2017: Tertialrapport pr. 1.9.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 1.9.2017 vert tatt til orientering.

Formannskapet 27.09.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet var distribuert ut 25.09.2017.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 052/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 1.9.2017 vert tatt til orientering.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Følgjande framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 052/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til orientering.

UNG- 055/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tok saka til orientering.

053/2017: Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 - Fusa kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 27, datert 08.09.2017, og vil etter dette varsle oppstart planarbeid.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova (pbl) § 4-1, 11-1 og 11-13.

Utval for plan og miljø 28.09.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet for plan og miljø tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

UPM- 072/2017 Vedtak:

Utvalet for plan og miljø tilrår at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Følgjande framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 053/2017 Vedtak:
Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:
Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til orientering.

UNG- 056/2017 Vedtak:
Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til orientering.

054/2017: GBNR 24/2 - Lambanesheiane - Detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde ut til høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er seks veker.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10 og 12-11.

Utval for plan og miljø 28.09.2017:

Handsaming:
Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

UPM- 073/2017 Vedtak:
Fusa kommune legg detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde ut til høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er seks veker.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10 og 12-11.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Følgjande framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 054/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:

Etter ei drøfting kom ungdomsrådet fram til slik samrøystes uttale:

Fusa ungdomsråd har ikkje merknader til sjølve bustadområdet.
Fusa ungdomsråd meiner likevel at ein i arbeidet med reguleringsplanen ikkje har teke nok omsyn til trafikkfåra ved kryssing av fv 552 til og frå buss-stopp.

Det bør koma førebyggjande tiltak med redusert fart til 50-sone og gangfelt for å trygga dei mjuke trafikantane, før ein kan utvida bustadområdet ved Lambanesheiane.

Ein gjer merksam på at ungdomsrådet tok dette opp i oppstarten av planarbeidet, men at innspela ikkje er følgd opp eller går fram av saka.

UNG- 057/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd har ikkje merknader til sjølve bustadområdet.
Fusa ungdomsråd meiner likevel at ein i arbeidet med reguleringsplanen ikkje har teke nok omsyn til trafikkfåra ved kryssing av fv 552 til og frå buss-stopp.

Det bør koma førebyggjande tiltak med redusert fart til 50-sone og gangfelt for å trygga dei mjuke trafikantane, før ein kan utvida bustadområdet ved Lambanesheiane.

Ein gjer merksam på at ungdomsrådet tok dette opp i oppstarten av planarbeidet, men at innspela ikkje er følgd opp eller går fram av saka.

055/2017: Planlegging av felles møte med Os eldreråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for planlegging i møtet

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Etter drøfting vart følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim samrøystes vedteke:

Vi blir ein kommune frå 2020.

Korleis ønskjer vi å jobbe fram mot samanslåinga?

Kvart råd ved leiar gir ein 5 min presentasjon om sitt råd.

Kort presentasjon av kvart medlem.

Involvering. Kva betyr det? Refleksjon. (Individuell, gruppe og plenum).
Påvirkning.

Kor er råda tenkt inn?

Korleis og kor tid blir vi påkobla?

Korleis er prosjektorganiseringa og prosjektplanar - referansegruppe?

Tenester i ny felles kommune.

Korleis prioritere? Kommunale tilbod. Samarbeid med frivillige.

Lavterskelmøtepunkt.

Viktig å byggje noko enda betre enn det vi har no.

Som vedlegg - retningslinjene for senior- og funksjonsrådet og artikkel om råda i kommunesamanslåingsprosess.

Leiar får fullmakt til å laga innkallinga til møtet 16.10 - med Kommunetunet som møtestad - med utgangspunkt i ovanemnde.

Møte kl 12.00 - 14.00 med Os eldreråd.
(Startar med mat i byrjinga av møtet.)

Møte kl 14.15 - 16.15 med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
(Lett servering)

Utkast til vedtak her:

Sendast til rådet 3 dagars frist for tilbakemelding.

Deretter sendast til formannskapet og Fusa sine medlemmer i fellesnemnda.

RAAD- 055/2017 Vedtak:

Vi blir ein kommune frå 2020.

Korleis ønskjer vi å jobbe fram mot samanslåinga?

Kvart råd ved leiar gir ein 5 min presentasjon om sitt råd.

Kort presentasjon av kvart medlem.

Involvering. Kva betyr det? Refleksjon. (Individuell, gruppe og plenum).
Påvirkning.

Kor er råda tenkt inn?

Korleis og kor tid blir vi påkobla?

Korleis er prosjektorganiseringa og prosjektplanar - referansegruppe?

Tenester i ny felles kommune.

Korleis prioritere? Kommunale tilbod. Samarbeid med frivillige.

Lavterskelmøtepunkt.

Viktig å byggje noko enda betre enn det vi har no.

Som vedlegg - retningslinjene for senior- og funksjonsrådet og artikkel om råda i kommunesamanslåingsprosess.

Leiar får fullmakt til å laga innkallinga til møtet 16.10 - med Kommunetunet som møtestad - med utgangspunkt i ovanemnde.

Møte kl 12.00 - 14.00 med Os eldreråd.
(Startar med mat i byrjinga av møtet.)

Møte kl 14.15 - 16.15 med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
(Lett servering)

Utkast til vedtak her:

Sendast til rådet 3 dagars frist for tilbakemelding.

Deretter sendast til formannskapet og Fusa sine medlemmer i fellesnemnda.

056/2017: Skriv, meldingar og open post - 25.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming: Eldrerådskonferanse i Bergen

Leiar i senior- og funksjonsrådet informerte om følgjande:
Ordførar har gitt tilbakemelding om leiar og nestleiar i senior- og funksjonsrådet skal få tilbod om å delta.

Leiar i senior- og funksjonsrådet kan ikkje delta. Ordførar har bedt om at tilbodet då går til nestleiar.

Programmet og info vert sendt nestleiar for tilbakemelding om han kan delta.

Orientering om endra budsjettprosess - og endringar i møteplan som konsekvens

Det vart orientert om sak til formannskapet:

"Rådmannen ber om at kommunestyret blir utsett frå 19/10 til 26/10 for at administrasjonen skal bli ferdig med rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018. I møte den 26/10 presenterer rådmannen hovudlinjene i budsjette og representantane får utdelt framlegget. Vidare blir det budsjettkonferanse den 14 – 15 /11 for Formannskapet og gruppeleiarar. "

Budsjettkonferansen vert då flytta frå 21.11. Formannskapet skal gje si tilråding i budsjettet 22.11.

Senior- og funksjonsrådet har hatt fokus på å koma tidleg nok inn i saker m.a. i budsjettsaker.

Etter ei drøfting vart det fremja følgjande felles framlegg som vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet har ekstramøte tysdag 07.11.2017 kl 15.00 i Kommunetunet. På saklista: Budsjett 2018 og økonomiplan.

Saker som må følgjast opp

Jf. vedtak i sak 36/2017 - Fritidstema i kulturplan:

To høyringssmøter rett over ferien; eit for funksjonhemma med organisasjonar og eit for seniorar, men ope for alle. Ønskjeleg med innleiarar frå andre kommunar.

Ansvarleg for gjennomføring/programkomite:

Eirin Bergheim, Erik Vangsnes, Gunn Sisel Teigen

Kollektivtilbodet i Fusa

Senior- og funksjonsrådet har tidlegare bedt om at sak vert lagt fram til uttale tidleg nok for både dette rådet og ungdomsrådet slik at det er grunnlag for uttale frå kommunen.

Ekstra vararepresentant

Samrøystes vedtak i senior- og funksjonsrådet:

Senior- og funksjonsrådet ber kommunestyret oppnemna ekstra vararepresentant for brukarrepresentantane i rådet.

Saka vert elles samrøystes teken til orientering.

RAAD- 056/2017 Vedtak: Eldrerådskonferanse i Bergen

Leiar i senior- og funksjonsrådet informerte om følgjande:
Ordførar har gitt tilbakemelding om leiar og nestleiar i senior- og funksjonsrådet skal få tilbod om å delta.

Leiar i senior- og funksjonsrådet kan ikkje delta. Ordførar har bedt om at tilbodet då går til nestleiar.

Programmet og info vert sendt nestleiar for tilbakemelding om han kan delta.

Orientering om endra budsjettprosess - og endringar i møteplan som konsekvens

Det vart orientert om sak til formannskapet:

"Rådmannen ber om at kommunestyret blir utsett frå 19/10 til 26/10 for at administrasjonen skal bli ferdig med rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018. I møte den 26/10 presenterer rådmannen hovudlinjene i budsjette og representantane får utdelt framlegget. Vidare blir det budsjettkonferanse den 14 – 15 /11 for Formannskapet og gruppeleiarar. "

Budsjettkonferansen vert då flytta frå 21.11. Formannskapet skal gje si tilråding i budsjettet 22.11.

Senior- og funksjonsrådet har hatt fokus på å koma tidleg nok inn i saker m.a. i budsjettsaker.

Etter ei drøfting vart det fremja følgjande felles framlegg som vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet har ekstramøte tysdag 07.11.2017 kl 15.00 i Kommunetunet. På saklista: Budsjett 2018 og økonomiplan.

Saker som må følgjast opp

Jf. vedtak i sak 36/2017 - Fritidstema i kulturplan:

To høyringssmøter rett over ferien; eit for funksjonshemma med organisasjonar og eit for seniorar, men ope for alle. Ønskjeleg med innleiarar frå andre kommunar.

Ansvarleg for gjennomføring/programkomite:

Eirin Bergheim, Erik Vangsnes, Gunn Sisel Teigen

Kollektivtilbodet i Fusa

Senior- og funksjonsrådet har tidlegare bedt om at sak vert lagt fram til uttale tidleg nok for

både dette rådet og ungdomsrådet slik at det er grunnlag for uttale frå kommunen.

Ekstra vararepresentant

Samrøystes vedtak i senior- og funksjonsrådet:

Senior- og funksjonsrådet ber kommunestyret oppnemna ekstra vararepresentant for brukarrepresentantane i rådet.

Saka vert elles samrøystes teken til orientering.

057/2017: Elderedagen 2017 - handsaming i møtet 25.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Arbeidsgruppa v/Åse M. H. Riise, Agnete D. Årvik og Eirin Bergheim orienterte om arbeidet. Kunngjering er sendt Os og Fusaposten (Ansvarleg sekretær). Plakatar vart delt ut i møtet til medlemene for oppslag på kunngjeringsplassar og distribusjon via "kvardagsprat i Fusa" (Eirin Bergheim) og for vidare info på nettstader for bygdane. Eirin Bergheim følgjer opp i høve til redaksjonell omtale. (Fusa senioruniversitet). Ansvarleg sekretær sender info og plakat til heimesida og info via mail til alle på Fusa kommune. Agnete D. Årvik følgjer opp i høve til underskotsgaranti.

Saka vart samrøystes teke til etterretning.

RAAD- 057/2017 Vedtak:

Saka vart samrøystes teke til etterretning:

Arbeidsgruppa v/Åse M. H. Riise, Agnete D. Årvik og Eirin Bergheim orienterte om arbeidet. Kunngjering er sendt Os og Fusaposten (Ansvarleg sekretær). Plakatar vart delt ut i møtet til medlemene for oppslag på kunngjeringsplassar og distribusjon via "kvardagsprat i Fusa" (Eirin Bergheim) og for vidare info på nettstader for bygdane. Eirin Bergheim følgjer opp i høve til redaksjonell omtale. (Fusa senioruniversitet). Ansvarleg sekretær sender info og plakat til heimesida og info via mail til alle på Fusa kommune. Agnete D. Årvik følgjer opp i høve til underskotsgaranti

058/2017: Prosjektrapportering formannskapet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Formannskapet 27.09.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet var distribuert ut 25.09.2017.

Ordførar viste til tidlegare informasjon:

Har de spørsmål til saka, er det viktig at dei vert maila inn så snart det er mogleg slik at vi kan undersøkje før møtet.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 051/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Følgjande framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 058/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 058/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

059/2017: <Rehabilitering / nybygg Fusa Ungdomsskule>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Fusa formannskap tek framlegget som ei orientering.

Formannskapet 27.09.2017:

Handsaming:

Notat av 22.09.2017 med informasjon frå adhoc utvalet og nytt framlegg frå rådmannen var distribuert ut 22.09.2017.

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet var distribuert ut 25.09.2017.

Leiar i ad-hoc utvalet William Lindborg, Ap, orienterte og svara på spørsmål.

Nytt framlegg frå rådmannen av 22.09.2017 vart samrøystes vedteke:

Administrasjonen får saman med Adhoc utvalet mandat til å utgreia alternativ 3 i notat frå adhoc utvalet. Administrasjonen etablerar ein prosjektgruppe med naudsynt kompetanse. Prosjektgruppa skal saman med Adhocutvalet arbeida fram konkrete skissar med kostnadsoverslag. Dette skal leggast frem for formannskap og kommunestyre før ein vel endeleg alternativ og vegen vidare i prosessen

FOR- 054/2017 Vedtak:

Administrasjonen får saman med Adhoc utvalet mandat til å utgreia alternativ 3 i notat frå adhoc utvalet. Administrasjonen etablerar ein prosjektgruppe med naudsynt kompetanse. Prosjektgruppa skal saman med Adhocutvalet arbeida fram konkrete skissar med kostnadsoverslag. Dette skal leggast frem for formannskap og kommunestyre før ein vel endeleg alternativ og vegen vidare i prosessen

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Følgjande felles framlegg fremja av Agnete Digranes Årvik, Ap, og Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Prosjektgruppa må sørge for at det blir tatt inn spisskompetanse når det gjeld universell utforming. Løysingane må vere gode nok for sjølvstendig bruk for alle. Spesielt viktig med nok grupperom. Mulighet for sanserom.

RAAD- 059/2017 Vedtak:

Prosjektgruppa må sørge for at det blir tatt inn spisskompetanse når det gjeld universell utforming. Løysingane må vere gode nok for sjølvstendig bruk for alle. Spesielt viktig med nok grupperom. Mulighet for sanserom.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd støttar konklusjonane i notat frå adhoc-utvalet og stiller seg bak adhoc-utvalet sine ønskje for ein framtidig skule som ikkje let seg løysa med noverande skuleanlegg. Spørsmålet om framtidig skulebygg er ei svært viktig sak for ungdomsrådet og ungdomsrådet vil vera tett på den vidare prosessen, gjerne med representasjon i prosjektgruppa.

UNG- 059/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd vart etter ei drøftinga samde om slik samrøystes uttale:

Fusa ungdomsråd støttar konklusjonane i notat frå adhoc-utvalet og stiller seg bak adhoc-utvalet sine ønskje for ein framtidig skule som ikkje let seg løysa med noverande skuleanlegg. Spørsmålet om framtidig skulebygg er ei svært viktig sak for ungdomsrådet og ungdomsrådet vil vera tett på den vidare prosessen, gjerne med representasjon i prosjektgruppa.

060/2017: Orientering om bygging av ny fleirbrukshall

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for orientering og innspel.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.09.2017:

Handsaming:

Kulturleiar Erik Vangsnes orienterte og svara på spørsmål.

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Senior-og funksjonsrådet viser til tidlegare vedtak i saka og ber om følgjande vert ivareteke:
"Jf. vedtak sak nr 57/2016:
Me forventar at heis er dimensjonert for store rullestoler/str. vareheis.
Heile hallen må vera er framkommeleg for rullestolbrukarar og personar m/nedsett funksjonsevne"

Jf. vedtak 27.03.2017 i sak om prosjektrapportering:
Prosjekt 240
Senior- og funksjonsrådet minner om at vi involveres i god tid = så tidleg som råd, for å kunne påvirke."

Saka vert elles teke til orientering.

RAAD- 060/2017 Vedtak:

Samrøystes vedtak:
Senior-og funksjonsrådet viser til tidlegare vedtak i saka og ber om følgjande vert ivareteke:
"Jf. vedtak sak nr 57/2016:
Me forventar at heis er dimensjonert for store rullestoler/str. vareheis.
Heile hallen må vera er framkommeleg for rullestolbrukarar og personar m/nedsett funksjonsevne"

Jf. vedtak 27.03.2017 i sak om prosjektrapportering:
Prosjekt 240
Senior- og funksjonsrådet minner om at vi involveres i god tid = så tidleg som råd, for å kunne påvirke."

Saka vert elles teke til orientering.

Ungdomsrådet 25.09.2017:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til orientering.

UNG- 054/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tok saka til orientering.